

1

## 2 Innhold

3	2 Hvordan skal sykehusene i landet styres? .....	1
4	13 DAB radiosignal til alle .....	3
5	14 Støtte til opprustning og bygging av boliger til kommuner som bosetter flyktninger.....	4
6	15 Folk treng hus, og hus treng folk! .....	5
7	17 Sirkulær tekstilindustri - ja til pant på klær!.....	6
8	22 «Entur» -På tide å innføre sømløse kollektivreiser i hele landet .....	7
9	24 Gode tannhelsetjenester til hele befolkningen.....	8
10	25 Økosystemene i våre fjorder er i stor fare, gjør det noe da? .....	9
11	26 Barn i låginntekstfamiliar, gir vi dei ein sjanse? .....	10
12	27 Mer fokus på å forebygge rus og kriminalitet blant barn og unge.....	11
13	28 Effektiv forebygging av vold mot kvinner .....	12
14	29 Framtidsretta satsing på kvinnehelse.....	13
15	30 Rekruttering til lærarutdanningane .....	14
16	34 Auka kapasitet innan psykisk helse og rusbehandling	

## 17 2 Hvordan skal sykehusene i landet styres?

18

19 Et flertall i Stortinget bestående av Arbeiderpartiet, Høyre og Fremskrittspartiet vedtok i  
20 2001 å innføre en Foretaksmodell for sykehussektoren i landet. Modellen innebærer at  
21 Staten overtok eierskapet av sykehusene fra fylkeskommunene gjennom statsforetak.

22 Etter at foretaksmodellen ble innført så viser det seg at loven om helseforetak mangler  
23 det lovpålagte ansvaret som sykehusene tidligere hadde for alle pasienter som  
24 behandles i spesialisthelsetjenesten, (Dagens Medisin, 2022).

25 Senterkvinnene registrer at modellen fører til konflikter blant annet mellom avdelinger  
26 innenfor samme sykehus og kommuner i tilhørende sykehusregion. Når sykehusene  
27 drives foretaksprinsippet, medfører dette større oppgaver for førstelinjetjenestene i  
28 kommunene som må ta seg av alle pasienter som helseforetakene definerer utenfor sitt  
29 ansvarsområde. Dette til tross for manglende kompetanse og ressurser i kommunene.

30 I løpet av de siste 23 årene har helseforetaksmodellen vært gjeldende for styring av  
31 sykehusene i landet. I mars 2023 la regjeringen frem utredningen om Fellesskapets  
32 sykehus hvor strukturelle forhold er beskrevet. Utredningen viser at ekspertutvalget ikke  
33 har tatt stilling til hvordan sykehusene skal organiseres og styres i landet.

34 Senterkvinnene er opptatt av at sykehusene i landet bør styres av det offentlige med  
35 vekt på følgende prinsipper:

- 36 • statlig eierskap
- 37 • sterk regional, politisk og demokratisk styring med stedlig ledelse

38 • redusere markedstenkning og mindre bruk av innsatsstyrt finansiering

39 Derfor ber Senterkvinnene om at regjeringen:

40 • revurderer hvordan sykehusene skal styres og organiseres

41 • fullfører og legger frem på ny en utredning i tråd med Hurdalsplattformen

42

### 43 13 DAB radiosignal til alle

44

45 Før 2017 hadde vi eit riksdekkande FM-nett tilgjengeleg for den norske befolkninga.  
46 Dette var ein viktig del av kommunikasjonsberedskapen i Noreg. I 2017 fekk vi DAB  
47 (Digital Audio Broadcast) som framleis ikkje er fullt utbygd i Noreg. Nokre område mister  
48 DAB-signalet på norske vegar, det vert rett og slett stilt midt i sendinga. Det må komma i  
49 gang meir utbygging av DAB slik at det blir eit tilbod i heile Noreg, også langs fjordane,  
50 vegane og i tunellane.

51 Senterkvinnene vil:

- 52 • At det vert sett fart på utbygginga av DAB-dekninga i Noreg der det ikkje er  
53 dekning i dag.

54

## 55 14 Støtte til opprustning og bygging av boliger til kommuner som 56 bosetter flyktninger

57  
58 Alle landets kommuner har igjen fått spørsmål om å bosette flyktninger. For mange  
59 begynner det å bli vanskelig å finne egnet bolig.  
60 Økningen av flyktninger har skapt et press på mange kommuner for å kunne bosette og  
61 integrere disse gruppene på en bærekraftig måte. Det er viktig at ikke bosetting av  
62 flyktninger fortrenger andre grupper som er vanskeligstilt på boligmarkedet.  
63 Det norske samfunnet må erkjenne behovet for å gi tilstrekkelig støtte til kommuner som  
64 tar imot flyktninger, spesielt med tanke på å bygge eller ruste opp boliger for å  
65 imøtekomme deres behov.

66 Senterkvinnene utfordrer regjeringen til å fremme følgende tiltak:

- 67 • Opprette øremerkede midler eller tilskuddsordninger for kommuner som bosetter  
68 flyktninger, spesielt rettet mot bygging/opprustning av boliger og infrastruktur.
- 69 • Tilby faglig veiledning og ressurser til kommuner for å hjelpe dem med å  
70 identifisere behovene for boligoppgradering og effektivt gjennomføre  
71 opprustningsprosjekter.
- 72 • Tilby opplæring og støtte til kommunale ansatte og frivillige som arbeider med  
73 integrering av flyktninger, med fokus på boligforhold og tilrettelegging.

74

## 75 15 Folk treng hus, og hus treng folk!

76

77 Og distriktskommunene trenger folk, både for å opprettholde innbyggertall og  
78 tjenesteyting.

79 Derfor er boliger viktig. Ikke minst i forhold til rekruttering av fagkompetanse, for  
80 eksempel innen helse. For å motivere til boligbygging, er det viktig at det tilbys gode  
81 tilskudds- og låneordninger, både for private og for kommunene. Dette kan tilbys  
82 gjennom Husbanken, som allerede har slike ordninger. Utfordringer er at disse midlene  
83 er svært begrenset, både i omfang, i forhold til hvem som kan søke og hva det kan søkes  
84 om midler til.

85 Å bygge boliger i distriktene medfører gjerne en større økonomisk risiko enn å bygge  
86 boliger i sentrale strøk. Derfor må utbyggere tilbys gunstige tilskudds- og låneordninger  
87 som reduserer denne risikoen. Det bør også etableres slike ordninger for eldre umoderne  
88 boliger med renoveringsbehov.

89 For å styrke muligheten for boligbygging i distriktene ønsker Senterkvinnene:

- 90 • Å øke potten med midler som Husbanken tilbyr til tilskudd til boligbygging og  
91 gjeninnføre øremerkede boligtilskudd til kommunene til etablering, utbedring og  
92 tilpassing av bolig
- 93 • Å bidra til at kommunene kan tilby rimelige hustomter for utbygging
- 94 • Å stimulere kommunene til å tilby gode midlertidige boliger for utleie til nyansatte  
95 som ønsker å vente med å investere i bolig, gjennom tilskuddsordninger som  
96 legger til rette for dette
- 97 • Å stimulere private utbyggere til å bygge boliger for salg og utleie gjennom  
98 gunstige tilskudds- og låneordninger
- 99 • Å bidra til at huseiere kan få midler til renovering og oppussing av eldre boliger,  
100 enten for å bo i selv, for salg eller utleie
- 101 • Å styrke bostøtteordningen ytterligere slik at den når enda flere, blant annet ved å  
102 heve grensene for bostøtte slik at flere faller innenfor ordningen
- 103 • Å bidra til økt bruk av Startlån i kommunene, og i større grad åpne opp for at det  
104 kan benyttes til oppføring av nye enkle boliger eller kjøp av bolig med utleiedel
- 105 • Å motivere til at boligtilskudd brukes mer aktivt for innbyggere i etableringsfasen,  
106 de som innvilges Startlån og i forhold til tilpasning av bolig
- 107 • Å øke pensjons- og trygdesatsene slik at enda flere har økonomisk mulighet til å  
108 eie sin egen bolig
- 109 • Å stimulere til at det bygges flere aldersvennlige boliger i kommunene, både av  
110 kommunene og private utbyggere
- 111 • Å stimulere til at det bygges flere hensiktsmessige boliger for mennesker med  
112 funksjonsnedsettelse i kommunene, og bidra til at de også får mulighet til å eie  
113 sin egen bolig
- 114 • Å gjøre det mer attraktivt for kommuner, utbyggere og innbyggere å ta i bruk  
115 Husbankens virkemidler, eksempelvis leie til eie-ordningen, slik at flere kan eie sin  
116 egen bolig.
- 117 • Å øke rentefradraget for boliglån på primærbolig

118

## 119 17 Sirkulær tekstilindustri - ja til pant på klær!

120

121 I dag er verdikjedene i tekstilbransjen stort sett lineære. Det er en svært liten andel av  
 122 tekstilene som blir produsert som blir gjenbrukt, omsydd eller resirkulert. Det aller meste  
 123 forsvinner ut av kjeden enten til forbrenning eller til deponi. Bransjen har et stort  
 124 klimagassutslipp og et høyt forbruk av naturressurser.

125 Det finnes en rekke barrierer som gjør at det utfordrende å få til mer sirkulasjon i  
 126 tekstilvarekjedene. Mange produkter er av dårlig kvalitet, har kort brukstid og egner seg  
 127 dårlig for reparasjon. Det er mest ønskelig at tekstilene holder seg øverst i  
 128 avfallshierarkiet, altså at de brukes lenger. Når tekstilene ikke kan brukes lenger bør det  
 129 bli enklere å legge til rette for ombruk. Lenger ned i dette hierarkiet er gjenbruk av  
 130 materialet, altså å lage nye tekstiler av fibre i de gamle tekstilene. Dette er bedre enn  
 131 at de brennes eller havner i avfallsdeponi. Foreløpig er det som regel billigere å kaste og  
 132 kjøpe nytt, enn å reparere klær. Når et klesplagg ikke kan brukes mer mangler det  
 133 systemer og insentiver for mottak og resirkulering av tekstiler. Teknologien finnes til  
 134 både sortering og omdanning av brukte tekstiler, som kan omdannes til ny tråd og tekstil.

135 Vi har gode systemer for enkelte andre varestrømmer. Pantssystemer for flasker og  
 136 bokser er et godt eksempel på det. Systemet gir brukeren et økonomisk insentiv til å  
 137 levere tilbake brukt emballasje. Det samme burde være mulig med tekstiler. Staten kan  
 138 bidra med å sette noen rammer som sikrer at det er lønnsomt for forbrukere å levere inn  
 139 brukt tekstil, i form av et pantssystem. Prising av tekstiler bør fungere slik at det blir mer  
 140 lønnsomhet for klesprodusenter som mottar, sorterer og omdanner resirkulert materiale,  
 141 enn produsenter med lineære verdikjeder.

142

143 Senterkvinnene vil:

- 144 • Sikre at mest mulig av tekstilene holder seg høyest i avfallshierarkiet.
- 145 • Innføre et pantssystem for tekstiler.
- 146 • Etablere sorterings- og gjenvinningsanlegg for tekstil i Norge.

## 147 22 «Entur» -På tide å innføre sømløse kollektivreiser i hele landet

148

149 Riksrevisjonen skriver i sin rapport «Sømløse kollektivreiser» fra januar 2024 at ti år etter  
150 at Stortinget vedtok en satsning på sømløse kollektivreiser, er det fortsatt for komplisert  
151 å planlegge og kjøpe kollektivreiser gjennom den nasjonale reiseappen Entur.

152 Entur skulle være et viktig bidrag mot målet om sømløse kollektivreiser gjennom å samle  
153 inn og gjøre tilgjengelig reisedata for kollektivaktørene, men Enturs reiseapp blir lite  
154 brukt. Appen er i liten grad kjent, mangler billetter og prisinformasjon, noe som gjør den  
155 lite brukervennlig. Det er togoperatørene som finansierer store deler av Entur. Den  
156 nasjonale reiseplanleggeren er ikke helt nøytral, da den har elementer som favoriserer  
157 tog fremfor buss.

158 Senterkvinnene registrerer Riksrevisjonens tydelige budskap om at  
159 samferdselsmyndighetene har ikke fullt ut har klart å gi Entur de rammebetingelsene de  
160 trenger for å lykkes med appen sin. Det er oppsiktsvekkende at det er så komplisert å  
161 reise kollektivt i landet, så vi vet hvilke miljømessige endringer som kreves innenfor  
162 persontransport for å redusere klimagassutslippene. Hurdalsplattformen slår tydelig fast  
163 at vi skal ha et godt utbygd kollektivnett i hele landet der det er enkelt og rimelig både å  
164 reise til og fra jobb og skole og å reise raskt og klimasmart mellom landsdelene, de store  
165 byene og til utlandet. Det er for eksempel i Vestland, Møre og Romsdal og store deler av  
166 Nord-Norge hvor det ennå ikke lar seg gjøre å få kjøpt billetter til lokale kollektivreiser  
167 med appen Entur. Når verken Samferdsels- eller Jernbanedirektoratet har klart å gi  
168 befolkningen «sømløse» kollektivreiser i landet mener Senterkvinnene at det gir  
169 grunnlag for å følge opp saken.

170 Senterkvinnene vil:

- 171 • At det satses videre på å bygge ut et godt kollektivnett i hele landet.
- 172 • At samferdselsmyndighetene følger opp satsingen på «sømløse kollektivreiser»  
173 og gir et brukervennlig tilbud i hele landet som gjør det enklere for folk å  
174 planlegge og benytte seg av kollektivtilbudet.
- 175 • at appen Entur blir istandsatt slik at befolkningen i hele landet kan bestille seg  
176 billetter og betale for hele kollektivreisen gjennom appen.

177

## 178 24 Gode tannhelsetjenester til hele befolkningen

179

180 I Senterpartiets stortingsprogram for 2021-2025 vil vi at tannbehandling skal inn i  
181 egenandelsordningen i folketrygden.

182 Aldersgruppen 21-24 år får samme refusjonsordning for tannbehandling som 19 og 20  
183 åringene, det er et viktig grep Ap og Sp har sikret. Det gis gratis tannbehandling til  
184 mennesker som har vært utsatt for tortur / overgrep, ved odontofobi (angst for  
185 tannbehandling), ved rusproblemer og til innsatte i fengsel. Men, Senterkvinnene er  
186 fremdeles utålmodige på at tannbehandling skal likestilles med andre helsetjenester.

187 Men det er også viktig at befolkningen og helsepersonell må få god informasjon om  
188 forbedringene i tannhelsetjenesten. Som en del av en tannhelsereform må regelverket  
189 gjøres enklere.

190 I august 2022 nedsatte Helse og Omsorgsdepartementet et Tannhelseutvalg som skal  
191 levere sin utredning (NOU) innen juni 2024. Senterkvinnene venter spent på denne da vi  
192 vet at det fortsatt er «hull å tette» før vi har en tannhelsetjeneste som skinner.

193 Ca. 10% av den voksne befolkningen går sjelden til tannlege og har høy risiko for dårlig  
194 tannhelse. Senterkvinnene ønsker at det settes fokus på sammenhengen mellom dårlig  
195 tannhelse og øvrige helseutfordringer. Tannlegeforeningen har satt fokus på at tanntap  
196 og dårlig estetikk kan gi store psykiske belastninger. Vi vil ha økonomiske og  
197 psykososiale tiltak som gjør at gode tannhelsetjenester blir tilgjengelig også for de som  
198 ikke klarer å nyttiggjøre seg dagens ordninger. I tillegg bør somatiske og psykiatriske  
199 helsetjenester kunne henvise til gratis undersøkelse hos tannlege når de møter pasienter  
200 med tegn på forsømt tannhelse.

201 Vi har i mange år hatt et egenandelstak som beskytter befolkningen mot høye utgifter til  
202 helsetjenester. Tannbehandling kan bli svært kostbart for de som trenger omfattende  
203 behandling som ikke dekkes av dagens støtteordninger. Det må etableres et  
204 egenandelstak også for tannbehandling. Egen økonomi kan ikke lenger være avgjørende  
205 for god tannhelse.

206 Senterkvinnene mener at:

- 207 • Det haster å få iverksatt en tannhelsereform som gjør at tannbehandlingen
- 208 kommer inn i egenandelsordningen i folketrygden
- 209 • Det må bli et større fokus på sammenhengen mellom tannhelse og øvrige
- 210 helseutfordringer
- 211 • Gode tannhelsetjenester må gjøres tilgjengelig for alle



## 212 25 Økosystemene i våre fjorder er i stor fare, gjør det noe da?

213

214 Oslofjorden er bortimot tom for fisk. Der det for få år siden var fisk til alle som ville ut på  
215 fjorden for å hente søndagsmiddagen sin, er det nå tomt for fisk, og tilhørende  
216 økosystemer er i store vansker. Økosystemene må være friske for at vi skal kunne leve.

217 Årsakene til mangel på liv er kjente. Det betyr at med mot, vilje og stor innsats er det  
218 mulig å få livet i fjorden tilbake.

219 Kollapsen skyldes overfiske, nedbygging og utfyllinger i strandsonen og stor tilførsel av  
220 nitrogen fra urensede avløp. Nylig ble det vedtatt godkjenning av femdoblet  
221 nitrogenutslipp fra våpenindustri i Hurum. Utslippet tilsvarer 10 % av det totale utslippet  
222 av nitrogen i Oslofjorden.

223 Forskere mener det fortsatt er mulig å redde fjordene, men det haster.

224 Problemet syke fjorder gjelder i hele landet, mer eller mindre. Sørfjorden i Hardanger og  
225 Byfjorden ved Bergen har store mengder giftstoffer og metaller som sink, kvikksølv,  
226 kadmium og bly lagt seg på bunnen. De ødelegger de respektive økosystemene. Det  
227 samme gjelder Sognefjorden, og så kommer de på rekke alle sammen, den ene fjorden  
228 etter den andre.

229 Det gjøres en innsats på flere fronter, men resultatene, altså tegn til en friskere fjorder  
230 uteblir. Da er ikke innsatsen stor nok, eller målrettet nok.

231 Kommunene kan ikke dekke kostnadene for reparasjonsjobben aleine. Staten må bidra  
232 og ta et større ansvar.

233 Senterkvinnene krever at:

- 234 • det settes et tydelig fokus på temaet fjordenes økosystemer i krise fra  
235 Regjeringen.
- 236 • målretta, forskningsbasert innsats intensiveres.

237

238

## 239 26 Barn i låginntekstfamiliar, gir vi dei ein sjanse?

240

241 Den generelle prisauken påverkar alle, men aller mest dei som hadde svak økonomi frå  
242 før. Senterkvinnene meiner vi som politikarar må legge til rette for å bøta på nokre av dei  
243 negative konsekvensane ved å veksa opp i ein låginntekstfamilie.

244 Regjeringa er i gang med ei stor kartlegging av problemområdet. Rapporten "En  
245 barndom for livet – Økt tilhørighet, mestring og læring for barn i fattige familier" er inne i  
246 siste fase før publisering. Barn som får bistand frå barnevernet er blant dei aller mest  
247 sårbare i samfunnet. Dei har betydeleg større risiko for dårlegare psykisk helse og  
248 manglande fullføring av utdanning.

249 Forsking har vist at berre eitt enkelt år i fattigdom set langvarige spor i vaksenlivet. Ifølge  
250 sosionom/sosiolog og forfattar Kari Gustavsens har barn og unge som opplever fattigdom  
251 i oppveksten, lågare inntekt og større problem med å få arbeid som vaksne.

252 Foreldre- og elevinitierte aktivitetstilbod har ei viktig rolle på fleire skolar og må vera  
253 gratis. For mange familiar er det ikkje mogleg å delta på sosiale aktivitetar som ar  
254 finanisert ved hjelp av kronerulling eller dugnad ( f.eks. besøk på bowling, kino eller  
255 klatrepark) av både helsemessige og/eller økonomiske årsaker. Konsekvensen kan vera  
256 at barn og unge ikkje får delta på arenaer som er direkte berekna på dei.

257 Barn og unge som får tilbod om å begynna på fritidsaktivitetar som f.eks. fotball og  
258 skolekorps kan stilla spørsmålet: Kor mykje kostar det å vera med? Deretter vel dei sjølv  
259 å ikkje fortelja foreldra om aktivitetar som dei sjølv meiner er for dyre, for å spara foreldra  
260 for bekymringar.

261

262 Senterkvinnene vil at:

- 263 • Barne- og familiedepartementet sin ekspertrapport "En barndom for livet – Økt  
264 tilhørighet, mestring og læring for barn i fattige familier" vert brukt aktivt av  
265 departementet og regjeringa.
- 266 • kommunane prioriterer bistand til drift av utlånsentralar for fritidsutstyr og  
267 – klede.
- 268 • skolane vert sett i stand til å tilby aktivitetar som utflukter og enkel overnatting  
269 utan bidrag i form av kronerulling eller dugnad.
- 270 • elevar får tilbod om eit gratis, sunt skolemåltid.
- 271 • Alle kommunar set av øyremerka midler til støtte for deltaking på  
272 fritidsaktivitetar. Denne støtta må og inkludera at det er mogleg å delta på meir  
273 enn berre fritidsaktivitetar lokalt.
- 274 • Ordningane må organiserast og innrettast slik at dei når borna som verkeleg  
275 treng det.

276

## 277 27 Mer fokus på å forebygge rus og kriminalitet blant barn og unge

278

279 Rus og kriminalitet øker blant barn og unge. Vi hører stadig om hendelser der disse begår  
280 kriminelle handlinger under påvirkning av rusmidler. Tragiske hendelser, noen så alvorlig  
281 som vold og drap.

282 Mange kommuner sliter med å få til et godt forebyggende arbeid. En av årsakene til  
283 dette er mangel på økonomiske midler. Samtidig er det et stort ønske å få i gang tiltak.

284 For å lykkes i dette arbeidet trengs en samordning på tvers både med skoler,  
285 organisasjoner og politi.

286 En slik måte å samordne på er SLT-modellen. SLT står for **S**amordning av **L**okale  
287 ressurser og kriminalforebyggende **T**iltak. Her koordineres informasjon, kunnskap og  
288 ressurser mellom kommunale aktører og politi, samt næringsliv og frivillige  
289 organisasjoner. På denne måten skal modellen fremme gode og trygge oppvekstvilkår.

290 En del kommuner har klart å få til en 100 % stilling, mens andre har delstillinger som SLT-  
291 koordinator. Det finnes også andre måter å organisere dette arbeidet på. Dessverre er  
292 dette i noen tilfeller blitt lagt til eksisterende stillinger som allerede har mer enn nok  
293 oppgaver, noe som selvsagt ikke er bra. Hverken for den ansatte eller for dette viktige  
294 arbeidet. Det er imidlertid viktig å si at noen kommuner også organiserer dette arbeidet  
295 godt, uten SLT-koordinator.

296 Det trengs bærekraftige tiltak nå. For å få det til må det bevilges høyere statlige midler  
297 og det må være mere fokus på dette svært viktig arbeidet. Forebyggende arbeid er på  
298 sikt samfunnsøkonomisk lønnsomt. Barn og unge som får tidligere hjelp vil gå en  
299 tryggere framtid i møte. Det vil gi dem god livskvalitet og de vil bidra med ressurser inn i  
300 fellesskapet. Til glede for dem selv og til nytte for alle.

301

302 Senterkvinnene vil:

- 303 • Heve kvaliteten på rus- og kriminalitetsforebyggende arbeid
- 304 • Gi kommunene tilstrekkelige økonomiske midler til å prioritere dette arbeidet
- 305 • At ansattes kompetanse må styrkes der det trengs og at det jobbes mer og bedre
- 306 tverrfaglig mellom offentlige myndigheter, private aktører og frivilligheten.

307

308

309

## 310 28 Effektiv forebygging av vold mot kvinner

311  
312 Senterkvinnene er meget bekymret over voldsutviklingen og er opptatt av å finne tiltak  
313 som forebygger vold og som hjelper de som har et problem med sinne og aggresjon.

314  
315 Vold mot kvinner har fått spesielt stort fokus etter drapssakene som har skjedd i løpet av  
316 årets første uker. Voldsalarm, besøksforbud og omvendt voldsalarm er tiltak som kan  
317 være meget viktig for å unngå tragedier. Viktigst er likevel å forebygge en utvikling der  
318 enkeltpersoner tyr til vold i ulike situasjoner. Dette er en prosess som foregår over lang  
319 tid og derfor er det en ekstra stor bekymring over at voldsbruk i skoler og barnehager er  
320 økende. Det er en samfunnsutfordring som må involvere både foreldre, ledelsen og  
321 ansatte i barnehager og skoler, helsestasjon, barnevern, krisesenter, rustiltak, terapitilbud  
322 og politi. Vi må sette inn flere og sterkere tiltak nå for å stanse morgendagens  
323 voldsutøvere.

324  
325 Problemet er meget sammensatt og fordrer koordinering av alle hjelpesfunksjoner for  
326 tidligst mulig fange opp de som trenger hjelp for å mestre og stagge sitt sinne og sin  
327 aggresjon. Mange faktorer påvirker hva som utløser sinne og aggresjon.

328  
329 Vi må anse dette som et folkehelseproblem og se det som alles oppgave å hjelpe  
330 personer som viser tydelige faretegn. De må hjelpes med tiltak som kan rette dem inn  
331 mot en bedre adferd.

332  
333 Senterkvinnene vil at:

- 334
- 335 • Voldsutførelse må taes på alvor i alle sammenhenger hvor det oppstår og må få
  - 336 konsekvenser for den som utøver vold.
  - 337
  - 338 • Det må skapes holdninger i samfunnet om at tiltak mot vold må prioriteres.
  - 339
  - 340 • Barn må lære at de kan møte utfordringer og konflikter i livet uten å bruke vold.
  - 341
  - 342 • Det må satses mer på forebyggende tiltak som kan avhjelpe ved utfordrende hendelser
  - 343 i hverdagen.
  - 344
  - 345 • Alle må sikres en arbeidsplass og et skolemiljø hvor de ikke utsettes for fysisk eller
  - 346 psykisk skade.
  - 347
  - 348 • Hjelpemidlene som politi og hjelpeapparatet har i forbindelse med partnerkonflikter må
  - 349 tas i bruk i mye større grad for å beskytte de som utsettes for vold
  - 350
  - 351 • Risikovurderinger må utføres i alle saker med vold i nære relasjoner
  - 352
  - 353 • Øke kompetansen i førstelinje-tjenesten (barnehage, skole, helse og politi).
  - 354
  - 355 • Utvikle modeller for samhandling i førstelinjetjenesten.
  - 356
  - 357 • Mer ressurser som gir flere folk til forebygging.
  - 358
  - 359 • Utforme et "pakkeforløp-ordning", lignende som det som er i helsesektoren.

360

## 361 29 Framtidsretta satsing på kvinnehelse

362

363 1. Mars 2024 vart regjeringa si helse-og samhandlingsplan presentert. Vi fekk bl.a.  
364 lovnader om at det nå skal bli slutt på fragmenterte tenester for gravide kvinner og at  
365 regjeringa anerkjenner at det ikkje har blitt tatt tilstrekkeleg omsyn til skilnader mellom  
366 kjønna i helse- og omsorgstenesta, forskning eller utdanning. Senterkvinnene har i mange  
367 år venta på at kvinnehelse skal bli tatt på alvor. Nå skal vi få sjå ein eigen strategi for  
368 kvinnehelse! Vi treng meir kunnskap om kvinners helse, gjennom heile livsløpet. Det er  
369 på tide å fylle kunnskapshola som eksisterer rundt sjukdommar og helseutfordringar som  
370 rammar kvinner. Kunnskapsmangelen rundt kvinnehelse er ei likestillings- og  
371 folkehelseutfordring som rammar heile Noreg.

372 Senterkvinnene er opptatt av at satsinga skal vera framtidsretta. Med kunstig intelligens  
373 (KI) kan vi i dag gjera mykje kjappare vurderingar i helsevesenet enn tidlegare. Dette er  
374 ein teknologi det er viktig å utvikla. Derfor vil vi leggja inn kvalitetskrav på mangfald i  
375 helseinformasjonen slik KI blir lært opp på. Det må bli slutt på at kvinner må venta lengre  
376 på svar på utgreiingar eller bli avvist i helsevesenet på grunn av manglande kunnskap  
377 hos behandlar.

378 Derfor vil Senterkvinnene:

- 379 • At Senterpartiet skal støtta kvinnehelseutvalet si anbefaling om å bruka minst  
380 ein milliard kroner på kvinnehelse og at denne satsinga må fortsetta over tid.
- 381 • Sjukdommar og livsfaser som spesielt rammar kvinner må bli tatt på alvor og  
382 HPV-vaksinen må bli tilgjengeleg for alle.
- 383 • At bevilgningar til kvinnehelseforskning og teknologiutvikling (KI) som skal ivareta  
384 kvinner må aukast.
- 385 • At eit godt føde- og barseltibod må prioriterast med tilstrekkelege  
386 finansieringar og nå bli samanhengande og heilskaplege gjennom svangerskap,  
387 fødsel og barseltid i heile landet.

## 388 30 Rekruttering til lærarutdanningane

389

390 Lærarmangelen i skule og barnehage er stor. På same tid ser vi at søkjartala til  
391 lærarutdanningane stuper. Dette er kritisk.

392 Nesten kvar femte person som jobbar i den norske skulen manglar godkjent  
393 lærarutdanning og det trengst fleire tusen årsverk for å nå regjeringa sitt mål om 60%  
394 barnehagelærarar i barnehagen.

395 I heile landet ser vi at utfordringane i skulen har også auka og blitt meir komplekse.  
396 Skulen og lærarar vert negativt omtala og dette er svært uheldig for rekrutteringa til  
397 lærarutdanningane.

398 I barnehagane er det ei utfordring å oppfylle bemanningsnorma. Fleire barnehagelærarar  
399 i barnehagen medfører større del av personalgruppa som skal ha planleggingstid tek, og  
400 dette tek tid frå arbeidet med borna. Regjeringa har gjort mykje positivt for å betre  
401 småbarnsforeldre sin økonomi, blant anna ved å kutte foreldrebetaling i barnehage og  
402 skulefritidsordning. Småbarnsforeldre sin økonomi og tiltak mot familiefattigdom er  
403 viktig, men neste skritt må vere eit krafttak for å betre innhaldet og tilbodet i  
404 barnehagane.

405 Gode barnehagar og skular er ein viktig føresetnad i det førebyggjande arbeidet som skal  
406 sikre god helse og utvikling for den oppveksande generasjonen.

407 Senterkvinnene vil:

- 408 • Fjerne karakterkrav om 4 i matematikk for å kome inn på lærarstudiet
- 409 • Gjere lærarstudiet meir fleksibelt der studenten kan velje fire eller femårig studie
- 410 • Gi fleire muligheit for desentraliserte og nettbaserte studie
- 411 • Sikre at arbeidsgivar har gode rutinar på oppfølging av negative handlingar mot  
412 tilsette
- 413 • Auka tid for leiing for kontaktlærarar
- 414 • Avsett tid til å arbeide systematisk med skulemiljøsaker
- 415 • Anerkjene at vald og truslar i skule/barnehage i dag er eit arbeidsmiljøproblem
- 416 • At arbeidsgjevar skal ha gode rutinar på oppfølging av negative handlingar mot  
417 tilsette på skulen.
- 418 • Gi nyutdanna meir rettleiing og oppfølging dei første arbeidsåra
- 419 • At pedagognormen i barnehagen må følgast opp med kraftfulle tiltak for å sikre  
420 tilstrekkeleg personale gjennom heile dagen. Det må verte samanheng mellom  
421 pedagognorm og bemanningsnorm.
- 422 • Auke planleggingstida for pedagogar i barnehagen
- 423 • Sikre lønnsauke for barnehagelærarar som tek masterutdanning
- 424 • Gi barnehagelærarar kursing og vidareutdanning på lik linje med lærarar i skulen.

425

## 426 34 Auka kapasitet innan psykisk helse og rusbehandling

427

428 I debatten om rusreforma, som aldri vart vedteken, men likevel delvis implementert i  
429 politiets praksis, var det brei einigheit om at behandling skulle vere prioritert framfor  
430 straff. No sit vi att med ein praksis som har fjerna strafferettsleg handlingsrom

431 utan å erstatte det med behandling. Målet må jo likevel vere å få på plass auka bruk av  
432 behandling. Det fordrar at vi tek godt vare på dei plassane med høg kompetanse innan  
433 rusbehandling som vi har i dag, samstundes som vi bygger vidare på dei og aukar  
434 kapasiteten.

435  
436 Regjeringa har eit uttalt mål om å styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert  
437 rusbehandling. Trass i brei einigheit og uttalte mål om prioritering og auka satsing, ser vi  
438 altså at fagmiljø og insitusjonar for rusbehandling vert nedprioritert og nedlagd. Eit døme  
439 på dette er rusinstitusjonen Tronvik i Helse Førde som vart vedteken nedlagt av eit styre  
440 som ikkje såg andre alternativ gitt dei økonomiske rammene og prioriteringane som er  
441 gjort no og tidlegare. Også andre stader i landet ser ein at institusjonar mister  
442 behandlingsplassar.

443 Dette til tross for at helseministeren i januar 2024 ga sjukehusa i oppdrag i *auke* tal  
444 døgnplassar innan psykisk helsevern og rusbehandling. Ein skulle ha høgare kapasitet i  
445 2024 enn i 2023. Vedtaket er altså gjort stikk i strid med konkret oppdrag  
446 frå helseministeren.

447  
448 Senterkvinnene krev at:

- 449 • Regjeringa følg opp sine egne instruksar og tek aktivt grep for å hindre nedlegging av fleire
- 450 institusjonar.
- 451 • Regjeringa sørgar for nok midlar til å drifte sjukehus og behandlingsinstitusjonar etter lovverk og
- 452 egne instruksar
- 453 • Helseføretaksmodellen må revurderast og helst erstattast med eit konsept som set helse og
- 454 fagkunnskap framfor kortsiktige økonomiske omsyn.

455